



Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Naustdal-Gjengedal verneområdestyre  
**Møtestad:** E-postmøte  
**Dato:** 31.01.2024  
**Tidspunkt:** 12:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

To saker som vert handtert på e-post. Ander framlegg eller merknader vert sendt inn på e-post.



## Saksliste

| <b>Utvalgs-<br/>saksnr</b> | <b>Innhold</b>   | <b>Lukket</b> | <b>Arkiv-<br/>saksnr</b> |
|----------------------------|--|---------------|--------------------------|
| ST 1/24                    | Godkjenning av innkalling og sakliste  |               |                          |
| ST 2/24                    | Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fleirårig løyve til transport av saltstein med snøskuter - Mardal og Fitje sankelag     |               | 2024/1797                |
| ST 3/24                    | Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fleirårig motorferdselløyve til transport av saltstein i Risbotnen - Risbotnen beitelag |               | 2024/1455                |

**ST 1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**



Arkivsaksnr: 2024/1797-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 30.01.2024

| Utval                               | Utvalssak | Møtedato   |
|-------------------------------------|-----------|------------|
| Naustdal-Gjengedal verneområdestyre | 2/24      | 31.01.2024 |

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fleirårig løyve til transport av saltstein med snøskuter - Mardal og Fitje sankelag

### Innstilling frå forvaltar

Mardal og Fitje sankelag får løyve til å bruke snøskuter til transport av saltstein. Løyvet gjeld tre turar kvart år i perioden 2024 - 2027 på rutene Mardalsstøylen – Jardalen og Mardalsstøylen – Svartekari – Tverrfjellet. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b).

#### Vilkår for løyvet:

- Køyning kan berre skje i perioden 1.januar til 31.mars dei åra løyvet gjeld.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar eller heilagdaggar.
- Løyvet skal vere med under køyning.
- Statens Naturoppsyn (tlf: 975 95 102) skal varslast med SMS seinast dagen før køyninga tek til.
- Det skal sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltar etter køyning.
- Det skal ikkje køyrast nærmare reinsdyr enn 500m. Vert det observert reinsdyr nærmare enn det, må køyninga stogge til reinen har trekt vekk.



## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad om fleirårig løyve til å transportere saltstein med snøskuter frå Marfal og Fitje Sankelag.
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Tidlegare løyve til Mardal og Fitje sankelag.

### Søknaden

Mardal og Fitje Sankelag søker om fleirårig løyve til å transportere saltstein med snøskuter i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Dei har sau på beite i dette området og behov for å frakte saltsteinar inn til faste salteplassar i Jardalen, på Svartekari og Tverrfjellet.



Sankelaget søker om å få køyre inntil tre turar kvart år på desse traseane i perioden 2024 til 2027. Dei søker om å få gjennomføre køyringa i perioden 1.jan til 1.mai desse åra.



### Verneforskrift og regelverk

I utgangspunktet er motorferdsel forbode inne i verneområdet, jf verneforskrifta § 3, punkt 5.1. Men i følgje § 3, punkt 5.3 so kan forvaltingsstyresmakta gje dispensasjon frå dette forbodet i visse tilfelle, mellom anna transport av saltstein:

5.3. *Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

*[...]*

*b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite*

Forvaltingsstyresmakta har derfor heimel til å gje ein slik dispensasjon som Mardal og Fitje sankelag søker om her.

All motorferdsel i utmark må vere i tråd med lov om motorferdsel i utmark. Det er kommunen som handsamer denne lova. Ein må òg ha løyve frå grunneigar der kor ein køyrer, og alle grunneigarar har høve til å nekte ferdsl på sin grunn. Vidare skal køyrety skal vere registrert og i forskriftsmessig stand, og det skal nyttast hjelm under køyring.

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i §§ 8 – 12 i same lova.

### Vurdering

Naustdal-Gjengedal er eit område med mykje beitedyr. Bruk av området til beiting er ein viktig del av identiteten til området og beitinga har vore med å skape det kulturlandskapet som er ein viktig del av verneføremålet. Med beitebruken kjem det naturlege behov til transport i tilknytning til verksemda, og frakt av saltstein og forsyningar er blant desse behova. Forvaltninga av Naustdal-Gjengedal har alltid hatt som praksis å støtte opp om næringa og behova til næringa innanfor rimelege og juridiske rammer.

Behovet for transport som det er søkt om er både fornuftig og rimeleg. Det er søkt om tre turar kvart år, som er eit rimeleg omfang i denne samanhengen. Det er og fornuftig å søke om løyve som gjeld for fleire år når det er jamlege behov. Det sparar både søker og forvaltning for arbeid.

Erfaring med sankelaget si handtering av dei tidlegare løyva er gode. Dei har hatt tett kontakt med forvaltar og naturoppsyn, særleg med tanke på å ta omsyn til villreinen. Dialogen kring dette har som sagt vore god og sankelaget har tatt dei omsyn dei har blitt pålagt av forvaltninga. Vi har heller ikkje registrert negative tilbakemeldingar frå andre brukarar i området.

Området det skal køyrast i er leveområde for villrein. I dei siste oppdaterte karta over områdebruk som er laga i samband med kvalitetsnormen, er området registrert både som vinterbeiteområde og som kalvings- og oppvekstområde. Særleg det siste er viktig å ta omsyn til. Villrein er mest sårbar for uro i april og mai, som er tida fram mot, under og etter kalving. Vi har derfor som prinsipp at vi unngår motorferdsel i kalvingsområda i denne tida.



Området er populært til friluftsliv og særleg skiturar. Folk som går på tur vil gjerne oppsøke fred og stille i fjellet, og ein bør derfor unngå støy og uro på dei mest populære utfartsdagane. Vi unngår derfor motorferdsel på sundagar og heilagdaggar.

Utover villrein og friluftsliv kjenner vi ikkje til sårbare verdiar som kan verte negativt påverka. Dette er eit område som forvaltninga er godt kjende i og kor vi har lang erfaring frå ulike typar saker. Kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) er særst godt. So lenge dei naudsynte omsyn til villrein vert teke, kjem ikkje føre-var-prinsippet i nml § 9 i bruk.

Omfanget av motorferdsel i området er kjent og ganske lågt. Samla belastning av dette tiltaket og eventuelle framtidige løyve (jamfør nml § 9) er innanfor det som er akseptabelt. Bruk av snøskuter er den mest skånsame metoden å få gjennomført transporten av saltstein, og nml § 12 er derfor oppfylt.

Nml § 11 er ikkje aktuell i saka.





Arkivsaksnr: 2024/1455-0  
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 30.01.2024

| Utval                               | Utvalssak | Møtedato   |
|-------------------------------------|-----------|------------|
| Naustdal-Gjengedal verneområdestyre | 3/24      | 31.01.2024 |

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fleirårig motorferdselløyve til transport av saltstein i Risbotnen - Risbotnen beitelag

### Innstilling frå forvaltar

Risbotnen beitelag får løyve til å køyre ut saltstein med ATV med belte i området Risbotnen – Rantebotnvatnet – Strandaskaret – gjetarhytta. Løyvet gjeld for inntil to turar kvart år i tida 31.jan-30.mars, i perioden 2020-2023. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b).

#### Vilkår til løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under køyring
- Det skal ikkje køyrast på søndagar og heilagdag
- Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m. Dersom det vert observert rein nærmare enn det, må køyringa stoppe til reinen har trekt vekk.
- Det skal gjevast melding til Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (SMS til tlf 975 95 102) seinast dagen før køyring.
- Køyring skal rapporterast til verneområdeforvaltar etter kvar sesong, innan 15.mai.



## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad om fleirårig motorferdselløyve til transport frå Risbotnen beitelag
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Tidlegare løyve til skutertransport til Risbotnen beitelag

### Søknaden

Risbotnen beitelag har sau på beite i Risbotnen og områda rundt. Dei søker om løyve til å køyre med ATV med belter for å transportere saltstein inn i beiteområdet, og dessutan å frakte forsyningar til gjetarhytta som dei har sett opp rett nord for Inste Blåvatnet.

I søknaden har beitelaga teikna opp ei omtrenteleg løype for køyringa. Dei vil køyre opp frå Dalelia, via Rantane og Rantebotnvatnet til Synet og Strandaskaret. Deretter via gjetarhytta (når dei har med forsyningar dit) og via Risbotnen ned att til Dalelia. Beitelaget søker om å køyre inntil to turar kvart år og løyve som skal gjelde for tre år.



### Verneforskrift og regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Men forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til køyring av saltsteinar jamfør § 3 punkt 5.3 b og transport til hytter jamfør punkt 5.3 e:



### §3 vernereglar

5.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

[...]

e) transport av varer til hytter og stølar

Verneområdestyret har altså heimel til å gje eit slikt løyve som det er snakk om.

I tillegg til ein eventuell dispensasjon til motorferdsel i landskapsvernområdet, må søkjaren sørge for at køyringa er i tråd med lova om motorferdsel i utmark (løyve eller klarering hjå kommunen) og løyve frå grunneigar til å køyre på grunnen.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast etter miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

### Vurdering

Naustdal-Gjengedal er eit område med mykje beitedyr. Bruk av området til beiting er ein viktig del av identiteten til området og beitinga har vore med å skape det kulturlandskapet som er ein viktig del av verneføremålet. Med beitebruken kjem det naturlege behov til transport i tilknytning til verksemda, og frakt av saltstein og forsyningar er blant desse behova. Forvaltninga av Naustdal-Gjengedal har alltid hatt som praksis å støtte opp om næringa og behova til næringa innanfor rimelege og juridiske rammer.

Behovet for transport som det er søkt om er både fornuftig og rimeleg. Det er søkt om inntil to turar kvart år, som er moderat i denne samanhengen. Det er og fornuftig å søke om løyve som gjeld for fleire år når det er jamlege behov. Det sparar både søkjar og forvaltning for arbeid. Beitelaget vil køyre med ATV med belter på, som er rekna som beltekøyretøy og likestilt med snøskuter i verneforskrifta.

Området det er søkt om å køyre i er leveområde for villreinen i Førdefjellastammen. Området er faktisk definert som både kalvings- og oppvekstområde, sommarbeite, vinterbeite og trekkpassasje i dei oppdaterte karta som er laga i samband med kvalitetsnormen for villrein. Særleg det at her er kalvingsområde er noko vi må ta tungt omsyn til, sidan det er i tida fram mot, under og etter kalving at villrein er mest sårbar for uro. Oppmodinga frå villreinnemnda er at ein unngår motorferdsel i kalvingsområda i april og mai månad. Beitelaget søkjer om å køyre i februar og mars, altså i god tid før kalvingstida. Det må likevel takast omsyn til at her kan vere villrein på vinterbeite.

Ut over villrein er her ikkje registrerte naturverdiar i området som kan verte negativt påvekra av skuterkøyring i sopass lågt omfang. Derimot kan her vere folk som går på tur. Dette er eit populært utfartsområde for skiturar på vinteren og våren. Ein bør derfor unngå støy i tråd med reglane om heilagdagsfred.



Forvaltninga er godt kjend i dette området. Vi har hatt både motorferdsel- og byggesaker her før som har vore grundig handsama. Vi har hatt fleire synfaringar og turar her opp gjennom åra. Vi har og med oss erfaringane frå tidlegare løyve til saltsteinkøyring her. Det har ikkje vore noko å utsette på Risbotnen beitelag si handtering av tidlegare løyve og køyring. Kunnskapsgrunnlaget i saka er særst godt, jamfør nml § 8.

Det samla omfanget av motorferdsel i dette området er særst lågt, jamfør nml § 10. Dette er einaste jamlege løyvet til snøskuterkøyring i Risbotnenområdet. Det er og eit føremål som er godt dekkja i verneforskrifta og eit løyve her skapar ingen problematisk presedens. I naturmangfaldlova § 12 kan ein sette krav om at mest skånsame metode og rute skal nyttast. I dette tilfellet er det ingen annan metode som er meir skånsam enn skutertransport på rette vilkåra.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i saka.